

Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 07.04.2010

Sak nr.: 10/1163-6

Internt l.nr. 10715/10

Sak: 7/10

Tittel: Spelemidler til idrettsanlegg - forslag til nye kriterier for fylkesvis fordeling - Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Fylkestinget har ikkje merknader til nye fordelingskriteria slik det kjem fram i rapport av 18.desember 2009, jfr vedlegg 1.
2. Fylkestinget vil peike på det store etterslepet det er på spelemidler til idrettsanlegg i kommunane, og ber regjeringa vurdere tiltak over statsbudsjettet for å få redusert etterslepet.
3. Fylkestinget viser til forvaltningsreforma, og ber om at det vert lagt til rette for auka delegering av ansvar til fylkeskommunane når det gjeld forvaltning av spelemidlane.

Saksbehandlar: Bjarte Solaas
Avdeling: Kulturavdelinga

Sak nr.: 10/1163-2

Spelemidler til idrettsanlegg - forslag til nye kriterier for fylkesvis fordeling - Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutval for kultur rår Fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget har ikkje merknader til nye fordelingskriteria slik det kjem fram i rapport av 18.desember 2009, jfr vedlegg 1.
2. Fylkestinget vil peike på det store etterslepet det er på spelemidler til idrettsanlegg i kommunane, og ber regjeringa vurdere tiltak over statsbudsjettet for å få redusert etterslepet.
3. Fylkestinget viser til forvaltningsreforma, og ber om at det vert lagt til rette for auka delegering av ansvar til fylkeskommunane når det gjeld forvaltning av spelemidlane.

Som saksordførar vert vald:

Prenta vedlegg:

1. Rapporten *Kriterier for fordeling av spillemidler til idrettsanlegg* av 18.12.2009.
2. Hovudfordeling av spelemidler 2009
3. Prognose for folketalsutvikling (6 – 19 år) fram mot år 2025.

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Kulturdepartementet har sendt rapporten *Kriterier for fordeling av spillemidler til idrettsanlegg* av 18.12.09 på høyring, jfr vedlegg 1. Høyringsfristen er sett til 15. mars. Fylkesrådmannen har bedt om utsett frist til etter Fylkestinget sitt møte 7. april 2010.

I tillegg til å vurdere forslaget i rapporten, har fylkesrådmannen i denne saka også nytta høve til peike på utfordringa med det store etterslepet på spelemidler til idrettsanlegg i kommunane.

Til slutt er fylkesrådmannen også innom forvaltningsreforma, der det m.a. også var eit klart fleirtal i Stortinget som ønskte at regionane skulle få det fulle ansvaret m.a. til å forvalte spelemidlane til idrettsanlegg.

I Ot.prop. nr. 10 (2008 -2009) Om lov om endringar i forvaltningslovgivinga mv. (gjennomføring av forvaltningsreforma) er det i pkt. 2.4 *Kultur*, varsla at kulturdepartementet (KD) vil ta initiativ til ein gjennomgang av dagens kriteria for fordeling av spelemidler til idrettsanlegg.

Kriteria gjeld for fordeling av spelemidler frå hovudfordelinga sin post 1.1, *Idrettsanlegg i kommunane* til ordinære idrettsanlegg, fordelt av fylkeskommunane.

Ei arbeidsgruppe sett ned av KD (2009) har gått gjennom gjeldande kriteria og utarbeidd rapport med forslag til nye kriteria.

Gruppa tilrår at følgjande kriteria og vekting av desse vert lagt til grunn for den framtidige fylkesvise fordelingar av spelemidler til ordinære anlegg:

1. Godkjend søknadssum, vekta 50%
2. Tal innbyggjarar 6 – 19 år (endra), vekta 25%
3. Anleggsfordeling (ny modell), vekta 25%

Gruppa tilrår at ordninga med særskilte tilskotssatsar for kommunane i Namdalen, Nordland, Troms og Finnmark, og for kommunar med færre innbyggjarar enn 2000, vert avvikla.

2. KRITERIER FOR FORDELING AV SPELEMIDLAR TIL IDRETTSANLEGG - VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Framlegget til nye kriteria er om lag dei same som har vore nytta sidan 2001.

2.1 Godkjend søknadssum:

Det er ikkje tilrådd endring i dette kriteriet. Framleis tel denne 50%. Søknadssummen bør framleis telje, då spelemiddelordninga er ei søknadsbasert tilskotsordning.

2.2 Tal innbyggjarar:

Endringa er at tal innbyggjarar i fylket vert endra til tal born og unge i aldersgruppa 6 – 19 år. Grunnen til denne endringa er at **born** (6 – 12 år) og **ungdom** (13 – 19 år) er den viktigaste målgruppa i statleg anleggspolitikk for bruk av spelemidler. For Sogn og Fjordane sin del slår denne endringa positivt ut, då vi er det fylket i landet som har høgast del barn og ungdom av innbyggjarane (2009). Prognosane fram mot 2025 (jfr vedlegg 3) syner at folketalet på landsbasis for denne aldersgruppa vert redusert frå 18,4% i 2010 til 16,7% i 2025. For Sogn og

Fjordane har vi i 2010 19,9% i denne aldersgruppa, og i 2025 vil vi etter prognosane ha 17,6%. I heile dette tidsrommet vil vi vera mellom dei fylka som har flest innbyggjarar i denne aldersgruppa i prosent av folketalet. (2010, nr. 1, 2015, nr 2, 2020, nr. 3 og 2025, nr. 4).

2.3 Anleggsfordeling:

Dette kriteriet byggjer på oppteljing av eksisterande idrettsanlegg i fylket. Kriteriet blei i si tid innført fordi det viste seg at det var betydelege forskjellar i anleggsdekning i fylka. Fylke med stor tilflytting og høgt folketal har gjennomgåande låg dekningsgrad, medan fylke med låge folketal og liten vekst har best dekningsgrad.

Framlegget til nye kriteria legg til grunn at anleggsfordelinga bør bereknast på ein enklare måte. Det er teke utgangspunkt i dei mest vanlege anlegga, der anlegga har fått ei vektning etter kor viktige dei er. Gruppa seier om anleggstypane som skal leggjast til grunn for vektinga at dei skal dekke eitt eller fleire av følgjande faktorar:

- høgt eller eit visst tal søknader kvart år
- høgt eller eit visst tal utbyggingar kvart år
- eit visst tal eksisterande anlegg totalt sett
- total bruksfrekvens
- stor bruk av barn og unge, 6 – 19 år
- anlegg for typiske sommaridrettar
- anlegg for typiske vinteridrettar
- kostnader

16 anleggstypar er tilrådd lagt til grunn med forskjellige vektal. Desse anleggstypane representerer om lag 80 – 90% av søknadsvolumet kvart år.

Talet for anleggsfordeling kjem fram slik:

Forholdet mellom eksisterande anlegg og tal innbyggjarar i aldersgruppa 6 – 19 år seier noko om kor mange brukarar ein har på kvart anlegg. Oslo og Østfold kjem her ut med flest brukarar pr. anlegg medan Sogn og Fjordane kjem ut med færrest. Utrekninga seier ikkje noko om avstanden brukaren har til anlegget. For fylke med spreidd busetnad og lågt folketal er dette eit forklarande moment i høve anleggsdekkning. Spreidd busetnad var tidlegare inne som kriterium ved fordelinga. Sett i høve til regjeringa si regionalpolitiske satsing på lokalsamfunnsutvikling i kommunane, er satsing på gode og tilrettelagde idrettsanlegg eit viktig element sett både i høve trivsel, fysisk aktivitet og folkehelse, og som tilrettelegging for idrett. Kriteria for anleggsdekning må såleis ta høgde for at det her vil måtte vere stor variasjon mellom tettbygde deler av landet og dei delane av landet som har meir spreiddbygdt busetnad.

2.4 Anna:

Departementet har sidan 2003 nytta oppimot 500 mill kroner til det dei kallar ”anleggspolitisk program”. Dette er midlar som kjem i tillegg til løyvingane til idrettsanlegg i kommunane, og har i stor grad gått til anlegg i pressområde og til kostnadskrevjande anlegg.

2.5 Konklusjon:

Dei nye kriteria får lite å seie for berekning av rammetilskotet til Sogn og Fjordane. Endringane som er foreslått viser svakt positivt utslag for Sogn og Fjordane. Med utgangspunkt i fordelinga i 2008 aukar tildelingsprosenten frå 19,5% til 20.0%.

Fylkesrådmannen har ikkje merkander til framlegget til nye fordelingskriteria slik det kjem fram i rapporten under pkt. 1 i samandraget (vedlegg 1, s 3).

3. ETTERSLEPET I TILDELING AV SPELEMIDLAR TIL ORDINÆRE IDRETTSANLEGG

Den store utfordringa i høve spelemiddelpolitikken er det store etterslepet i tilskot til ordinære anlegg. I 2009 var det godkjende søknader til spelemiddelordninga på 2 748 mill kroner. Tilskotet var på kr. 677 mill kroner. I 2009 vart det løyvd ekstra sysselsettingsmidlar til idrettsanlegg på 250 mill kroner. Dette førte til ein noko betre situasjon i 2009.

Ein situasjon som gjev ein tildelingsprosent på 24,6 for heile landet medfører gjennomsnittleg ventetid på 4 år for tildeling av midlar. For Sogn og Fjordane ligg tildelingsprosenten under 20%. Gjennomsnittleg ventetid i Sogn og Fjordane er såleis på 5 år. Dette har vi felles med Møre og Romsdal, Nordland, Hordaland og Nord-Trøndelag. Fylke Oslo og Østfold ligg på ein tildelingsprosent på ca. 45%.

Eit krav for å kunne søke om spelemidlar, er at anlegget er prioritert i ein kommunal plan. Planperioden for slike planar er 4 år. Med ei ventetid på spelemidlar på 5 år, betyr dette at dei fleste anlegga er ferdig bygde før dei kjem til prioritering. Dette reduserer sterkt den tiltenkte planstyringa av utbygginga, og etterslepet hindrar også planlagt og nødvendig utvikling av anlegg. Etterslepet er i tillegg demotiverande for frivillig initiativ og arbeid på anleggssektoren, noko ein er heilt avhengige av i utbygging av denne typen anlegg.

Aktuelle løysingar for framtida kan vera å vurdere finansiering over statsbudsjettet av anlegg som til dømes:

- Nasjonale anlegg / store anlegg som skal byggast for å kunne arrangere større meisterskap / internasjonale arrangement
- Symjebasseng/folkebad.
Symjeopplæring i skulane er lovpålagd, og det bør drøftast tiltak for eigne finansieringsordningar for sikre slike anlegg i kommunane, t.d. i tilknytning til skulane.

Ved å ta ein del større investeringar av anlegg over statsbudsjettet vil ein få ned ventetida på idrettsanlegg i kommunane. Dette vil kunne ha ein stor verdi for å halde oppe og forsterke lokale initiativ, til beste både for frivillig innsats og folkehelsearbeidet.

4. FORVALTNINGSREFORMA

Fylkesrådmannen viser til at ved handsaminga av St.meld.nr 12 (2006-2007) Regionale fortrinn - regional framtid markerte eit breitt fleirtal i Stortinget (medlemmane frå Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti og Venstre) følgjande:

“Flertallet viser til at spillemidler til idrettsformål i dag fordeles av Kongen. Fylkeskommunene har myndighet til å foreta detaljfordelingen av de spillemidler som hvert år stilles til disposisjon til bygging av idrettsanlegg i kommunene. Flertallet mener regionene bør få det fulle ansvaret for å forvalte spillemidlene til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg. Andelen av tippemidlene som går til regionene må fastsettes etter en fordelingsnøkkel. Regionene skal ha full frihet til å bestemme hvilke investeringsprosjekter som skal gjennomføres og hvor stort støttebeløp hvert enkelt prosjekt skal få. Flertallet forutsetter at anleggsmidlene fortsatt skal tildeles etter søknader fra den frivillige medlemsbaserte breddeidretten og kommunene, og at tildelingsordningene utformes i nært samarbeid med idretten.” (Inst.S.nr. 166 (2006-2007, kap 2.1.2.5).

I Ot.prp.nr.10 (2008-2009) *Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv* (gjennomføringa av forvaltningsreforma) er Stortinget sine markeringar ikkje vurdert eller følgde opp. Det vert

orientert om at Kultur- og kyrkjedepartementet vil ta initiativ til ny gjennomgang av kriteria for fordeling av spelemidler til idrettsanlegg. Denne rapporten er det som no er på høyring. Sjølv om gjennomgangen er varsla som del av forvaltningsreforma, handlar denne gjennomgangen / endringa ikkje om reform i forvaltninga.

Kulturdepartementet har elles ikkje signalisert at dei vil følge opp dei endringane som Stortinget har peika på i si innstilling. KS har teke dette opp med departementet, som på si side peikar på at Stortinget ikkje hadde innvendingar til dei endringane som kom fram i Ot.prp.nr 10.

Ordninga med spelemidler er god for kommunar og frivillig sektor i høve det å få lagt til rette gode anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Fylkesrådmannen meiner likevel at ordninga er unødig detaljert og sentralstyrt, og staten kunne med fordel overført eit større ansvar til fylkeskommunane i å utforme og forvalte ordninga ut frå regionale føresetnader og prioriteringar, gjennom t.d. plandokument som Fylkesdelplan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse (jf FT-sak 41/09). Fylkesrådmannen ser på dette som eit godt eigna område for delegering til fylkeskommunane, og meiner perspektivet framover bør vere politisk innsats for auka delegering til fylkeskommunane.

5.KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget sluttar seg til arbeidsgruppa sitt framlegg for framtidig fylkesvis fordeling av spelemidler til ordinære idrettsanlegg. Fylkesrådmannen rår også til at fylkestinget ber departementet vurderer tiltak for å redusere etterslepet på tildeling av spelemidler til idrettsanlegg i kommunane. Spelemiddelforvaltning er elles eit område som eignar seg for større grad av delegering til fylkeskommunane enn det tilfelle er i dag.